Folkrocka seg til publiku

Det vart fullt trøkk då Vamp gjekk på scenen på Fauskivalen. Då hadde publikum alt vorte varma godt opp av både Kjetil Lilleaas og Hekla Stålstrenga.

LIV TORUNN TORPE

– Me er kjempefornøgde. Det var fullt hus på alle arrangement, og på banketten om laurdagskvelden. Eg trur me nådde publikumsrekord med ein stad mellom 1200–1300 personar under konserten laurdag, seier ein fornøgd fauskivalgeneral Knut Fausko. Hemsedølen ser at det framleis er plass til eit par hundre til ute i amfiet.

Fullt trøkk

Folk koste seg i finvêret og det var fullt trøkk med både blues og folkrock. Under banketten var det fleire av artistane som underheldt. Kjetil Lilleaas kom endå tettare på publikum, og leverte saftige gode låtar.

Finalen på festen stod Magnar Bergo og Bergos Berme for då dei spelte opp til dans.

– Me lykkast tvert igjennom med heile Fauskivalen, og hadde stor oppslutning. Stein Torleif Bjella spelte på låven fredagskvelden, og han hadde verkeleg publikum i si hule hand, fortel Fausko. No står neste års program for tur. Det er Fausko alt i gang med å planlegge.

– Men kven som kjem til neste år, er hemmeleg enno, ler han.

Rocka med fele

Hekla Stålstrenga fekk verkeleg opp stemninga då dei gjekk på scena og sette i gang med sin folkerock. Her var fela ein viktig del av musikken, og Ragnhild Furebotten kunne verkeleg traktere den. Dei spelte songar frå både albumet Hekla Stålstrenga, Makramè og det nye albumet Dyrandé, som kjem i september. Dei avslutta sin konsert med den fine og djupe låten Har Du Fyr.

Siste band på scena var Vamp. Dei kjende og kjære låtane deira kom som perler på ei snor. Me fekk 13 humler, Tir n'a Noir, Ingeborg og mange fleire.

> Kven som kjem til neste år, er hemmeleg enno.
> KNUT FAUSKO

Publikum vart rivne med av stemninga karane klarte å skape på scena. Då dei så spelte Månenmannen, måtte fleire ned på dansegolvet. Då klarte dei ikkje halde seg lenger. Bandet gjekk av scena etter denne låten, men etter at publikum ropte om meir, kom dei på att og spelte Liten Fuggel som siste song. Då stod det mange framom scena og song med. Det var ein flott avslutning på ei rekke med fine konsertar.

VIDEO PÅ Hallingdølen.no

FANGA PUBLIKUM: Hekla Stålstrenga klarte verkeleg å fange publikum med sin folkrock.

FULLT TRØKK: Det vart fullt trøkk då Vamp entra scena. F.v. Geir Sundstøl, Øyvind Staveland, Odin Staveland, Paul Hansen og Torbjørn Økland.

msrekord

PUBLIKUMSREKORD: Mellom 1200 og 1300 personar var møtt opp for å høyre Vamp.



TREIVST: Kjetil Lilleaas treivst godt på scena under Fauskivalen i Hemsedal, og fekk fort ein god kjemi med publikum.

Godt motteken på heimebane

Kjetil Lilleaas Goes Americana vart godt motteken under Fauskivalen sundag. Han fekk fin kjemi med publikum, der han spøkte og lo frå scena.

Under konserten vart Barbro Grenersen invitert opp på scena for å vere «additional vocal» som Lilleaas kalla det.

Kjetil fortel at Grenersen til vanleg er klassisk songar, og hans faste venninne.

– Eller kjærast, som Barbro kallar det, ler Kjetil.

Famna publikum

Han innrømte frå scena at han må ha med seg tekst og notar når han spelar.

– Eg hugsar ikkje alt lenger, alderen tar på, og eg er i forfall. Men kroppsleg fungerer eg elles berre bra, spøker Kjetil. Dette skapte liv og latter blant publikum.

Litt valspøk vart det også tid til.

– Eg ser ikkje poenget med å bytte regjeringsmannskap berre for å bytte. Fyrst må me få ferdig regjeringsbygget, så får me eventuelt bytte mannskap etterpå, var rådet hans.

Må groove

Før gjekk det i bluesbaserte hallingtekstar, mens no er det amerikanske bluesbaserte tekstar Kjetil jobbar med.

– Det ligg litt desperasjon i tekstane mine. Det skal likkom groove, samtidig som du skal ane den desperate undertonen, fortel Kjetil.

Samstundes må han rose medmusikarane sine skikkeleg.

– Dei kan musikken inn og ut, og veit heile tida korleis det skal låte for at me skal få til rette «feelingen», meiner han.

Måtte bløffe litt

– Eg måtte jobbe skikkeleg hardt i dag. Det bles litt på scena, og det hende eg mista litt av teksten då vinden tok tak i arket mitt. Så då var det berre å bløffe seg vidare inntil eg klarte å hente meg inn att, ler han.

Kjetil er oppteken av at musikken er hjarteført. Bluesen skal røre heilt inst ved hjarterota.

Men samstundes skal den ikkje vera heilt forutsigbar. Og Kjetil veit å overraske. I nokre av mellomspela kunne ein høyre at jazzen også ligg Kjetils hjarte nær. Musikarane hans fekk utfalde seg i jazzprega bluesaktige rytmar som overraska.

Kjem snart meir

– Eg må jobbe med å lage meir musikk. Me treng to sett for å kunne spele på andre typar arrangement, seier Kjetil.

Så ein skal ikkje sjå bort ifrå at det kjem meir amerikansk blues frå Kjetil Lilleaas. Me gler oss til å høyre meir frå han.